

Oktober 2023



Gjenbruksstasjonen i Lonavegen
vert stengt for oppgradering

Bruk Midtstegen



Frå 20. november stenger gjenbruksstasjonen på Straume for utviding. Alle innbyggjarar og hyttefolk i kommunen må gjennom byggjeperioden bruke gjenbruksstasjonen i Midtstegen i Skogsvåg.

Planlagt byggetid er førebels sett til 18 månader, meir informasjon kjem etter kvart som bygginga går framover. I løpet av hausten vert det betre skilting frå hovudvegen i Skogsvåg og inn mot gjenbruksstasjonen i Midtstegen. Stasjonen vert open fire dagar i veka til kl. 19.00, samt laurdag.

Stenginga i Lonavegen er naudsynt for å få ein fornying av gjenbruksstasjonen. Dagens stasjon sto klar i 2004 og vart då bygd for behovet i Fjell kommune. Kapasiteten på gjenbruksstasjonen er sprengt og moglegheitene for å jobbe meir sirkulært er små. Det vil med ombygginga bli prioritert betre plass for ombruk og for meir besøk frå skuleklassar.



**UTVIDA OPNINGSTIDER I MIDTSTEGEN FRÅ 20. NOVEMBER:
MÅNDAG–TORSDAG 10.00–19.00 | FREDAG STENGT | LAURDAG 09.30–16.00 | SØNDAG STENGT**

Batteri som vert kasta feil kan skape brann



Illustrasjon: sortere.no

Kvar einaste dag opplever avfalls- og gjenvinningsanlegg tilløp til brann. Som regel går det heldigvis bra, men dessverre har det vore brannar med alvorlege konsekvensar. Nesten 80 % av brannane på gjenvinningsanlegg, med kjent årsak, skuldast feilsorterte batteri.

(Kjelde: Norsk Industri)

Slik oppbevarer du batteri heime

Ha ein fast stad for å samle brukte batteri. Det kan være eit tomt syltetøyglas eller ein liten boks. Ha ein rull med teip i glaset eller boksen, da blir det lett å teipe polane fortløpande. Er boksen liten blir det lettare å ta den med og levere inn regelmessig. Da unngår du også store mengder batteri heime.

Slik leverer du batteria

I Noreg har vi eit superenkelt system; der du kjøper batteri, kan du også levere brukte batteri. Det er rett og slett ein lovpålagt plikt alle som sel batteri har! Og ja, det er gratis å levere. Ta med batteria når du skal på butikken eller gjenvinningsstasjonen. Eit lurt tips er å levere dei samtidig som du pantar.

Kvifor teipe polane?

Sjølv om batteriet ser ut til å vere tomt for fult, er det alltid litt energi igjen. Når mange batteri vert oppbevart saman, kan polane komme i kontakt med kvarandre. I verste fall kan det føre til kortslutning og brann. Teipar du ein liten bit over polane, unngår du at de kjem i direkte kontakt med kvarandre og at batteria kortsluttar.

Kvifor har batteri skulda for mange brannar?

Dei fleste av oss er flinke til å sortere batteri. Heile 80 % av oss seier vi gjer det! Det er veldig bra, samtidig er det fortsett fleire millionar batteri som vert kasta feil. Anten det er batteriet frå fjernkontrollen som vert kasta i restavfallet, eller det spelande bursdagskortet som vert kasta i papiret, utan å ta ut batteriet som har feira med song.

Sjølv om batteriet ikkje lenger gjev liv til leikebilen eller lys i hovudlykta, er det alltid litt restenergi igjen. Har du sett Lars Monsen tenne bål med tennstål? Det er akkurat på same måte. Om polane på batteriet kjem i kontakt med for eksempel noko metallisk, kan det oppstå gnistar. Dette kan lede til brann heime hos deg, i renovasjonsbilen, eller når avfallsposen vert opna og sendt av garde på banda på mottaksanlegget.

Gamle batteri vert til nye batteri

Batteria blir henta og frakta med tog eller trailer til eit sorteringsanlegg, her kjem også innebygde batteri frå elektronikk, som radioar og leikebilar. På sorteringsanlegga blir dei kvalitetssikra og sortert etter korleis batteria er bygd opp. Når batteria er sortert, blir dei sendt med båt eller trailer til godkjente anlegg for gjenvinning av batteri i Europa. Råstoff som vert henta ut frå batteri er blant anna plast, bly, reinsa og behandla syre, sink, kadmium, nikkel og kobolt. Nokon av råstoffa er sjeldne og finst berre i svært avgrensa mengder. Mange av desse går inn i produksjon av nye batteri, mens dei resterande råstoffa kan bli til for eksempel hagemøblar, pigment i maling eller metallegeringer.

Visste du at ...

... vi brukar 2000 tonn småbatteri i Noreg kvart år?

... kvar og ein av oss har i snitt ca. 70 småbatteri heime?

... det var den italienske fysikaren Alessandro Volta som fant opp det elektriske batteriet for over 200 år sidan?



Foto: DSB/G. Røkeberg

Beredskap for vatn i heimen

Sjølv om vi i ØyVAR har planar for nødvatn og reservevatn dersom det skulle oppstå problem med å få levert vatn heim til deg, kan det vere lurt å ha eit minimum av drikkevatt lagra.

Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap har publisert ein oversikt over kva du bør ha i beredskapslageret ditt heime. Øvst på denne lista står vatn. Du bør ha 9 liter vatn per person. Les meir på sikkerhverdag.no

Følgjer du desse råda, kan vatnet fint lagrast i årevis

- Reingjer flasker eller dunkar med såpe og vatn og skyl godt. Tilsett to korkar hushaldsklorin per 10 liter vatn. La det stå i minst 30 minutt før du skyl godt.
- Etter reingjering fyller du flaskene eller dunkane heilt fulle med kaldt vatn frå springen.
- La vatnet stå mørkt og kjølig. Vatnet skal ikkje lagrast i same rom som bensin, plantevernmiddel eller andre liknande stoff. Årsaka er at damp frå desse kan trenge inn i plast.

Ikkje kast matfeittet ditt i vasken eller i do – feittet tettar røyra

Visste du at konsekvensen av feitt frå kjøkkenvasken og våtserviettar i do er tette avløpsrøyr, kanskje kloakk i kjellaren din og høgare avløpsgebyr?

Våtserviettar løyser seg ikkje opp på vegen gjennom avløpsrøyra, men tvinnar seg saman til store klumpar som blokkerer røyra. Feittrestar frå kjøkkenet bidreg også til tette røyr. I tillegg blir det til smakfull rottemat.

Korleis bli kvitt feittet

Feitt frå steikepanna kan du tørke av med tørkepapir og kaste i matavfallet. Feitt som ikkje stivnar kan du samle i tett emballasje og kaste i restavfallet. Ikkje kast matavfall i avløpet – vær med å bidra til lågare utgifter for alle, og færre rotter.

Husk: det er berre tiss, bæsje og dopapir som skal i do!



Plutseleg stans i vasstilførsel?

Vi får ofte førespurnad om at vatnet plutseleg er blitt borte. I mange tilfelle har dette samheng med magnetiske hovudstoppeventilar som er montert på vassinntaket i huset.

Desse ventilane er avhengig av straumtilførsel for å halde seg opne. Dei lukker automatisk når straumen blir kutta, for eksempel ved straumbrot. Når straumen kjem igjen, må ventilen aktiverast manuelt for å opne. Dette gjer ein ved å trykke på ein bryter på ventilen, eller vri på ein bryter på toppen.

Ventilane med diverse styringspanel og sensorar kan sjå om lag slik ut, men det kan også vere andre variantar:



Det er også montert tilsvarende ventilar for å stoppe vasstilførselen ved lekkasjar. Desse er ofte montert i samband med oppvaskmaskiner o.l. Deteksjon av lekkasje skjer med sensorledning eller sensortape på golvet. Ved lekkasje blir sensorledningen på golvet kortslutta og ein magnetventil blir aktivert og stenger vasstilførselen. Ofte følger det også med eit lydsignal. Her må ein også aktivere ventilen manuelt igjen for å opne for vatnet. Golvet må sjølvstøtt vere tørt først.

MinRenovasjon

– med tømme- kalender og informasjon

ØyVAR har valt å skifte app for tømme-
kalender og informasjon om renovasjon
i kommunen. Den nye appen har fleire val
og utviklingsmoglegheiter som vi håper
vil bli eit forbedra kommunikasjonsverktøy
mot innbyggjarane. Den nye appen heiter
MinRenovasjon. Du finn meir informasjon
på nettsida vår, www.oyvar.no.

Slik gjer du det

1. Finn og last ned appen MinRenovasjon
i Google Play eller App Store.
2. Gå inn i appen på mobilen din.
3. Slett adressa som allereie er lagt inn.
iPhone: Trykk og hald på adressa,
dra mot venstre.
Android: Trykk og hald på adressa,
vel «Slett».
4. Vel «Legg til sted» eller trykk på
«+ teikn» i høgre hjørne.
5. Vel kommune og adresse på nytt.
6. Klikk på «Tømmekalender» og sett varsel.




HENTEKALENDER MED VARSEL

Hentekalenderen viser datoar for komande avfalls-
tømmingar, og kva slags avfall som blir henta
når. Det er også mogleg å aktivere varsling på eit
ønska tidspunkt. Då seier telefonen din frå når
det er på tide å sette fram dunken. Akkurat som
appen, er desse varslingane heilt gratis. Hugs
å endre innstillingane på mobilen slik at appen
får senda varsler.


RETURPUNKT OG MILJØSTASJONAR

Oversikt over returpunkt viser deg i kart kvar
nærmaste returpunkt er, og kva du kan levere der.
Du finn også ein oversikt over miljøstasjonane
våre, med opningstider, kontaktinfo og kart
med kor dei ligg.

NY
APP



GOOGLE PLAY



APP STORE

Ny sekk for plast- emballasje

**OBS! Må ikkje brukast
til restavfall**

Den nye sekken som blir delt
ut til retur av plastemballasje,
skil seg ut med eit lilla symbol
for plast. Dette er ein del av
den nasjonale merkeordninga
for felles symbolbruk.



**Unngå å bruke sekken
til andre føremål enn
plastemballasje.** Det
sikrar at ØyVAR kjøper
inn rett mengde sekkar

og bidreg til å halde renovasjonsgebyret
lågt.

**Vi merker ei auke i bruk av returplast-
sekkane ved levering av anna avfall
på gjenbrugsstasjonane.** Om du blir
tatt for feil bruk av desse sekkane på
gjenbrugsstasjonane, ved å til dømes
bruke dei til restavfall, vil våre tilsette
mest sannsynleg påpeike dette.

**Restavfall som vert levert i sekkar
på gjenbrugsstasjonane skal leverast
i gjennomsiktige avfallssekke.** Svarte
eller farga sekke er ikkje tillate og vert
heller ikkje teke imot.

Sponsing av tøybleier

Vi sponsar alle småbarnsforeldre,
busett i Øygarden kommune, som
vel å bruke tøybleier til barnet sitt
i staden for papirbleier.



oyvar.no

Tlf: 56 31 59 30 - E-post: postboks@oyvar.no



Følg oss på Facebook og få oppdatert informasjon 

OPNINGSTIDER PÅ GJENBRUKSSTASJONANE FRÅ 20. NOVEMBER 2023

Lonavegen 20, Straume
Mellombels stengt
frå 20. november

Midtstegen 50, Skogsvåg
Måndag–torsdag: 10.00–19.00
Fredag: STENGT
Laurdag: 09.30–16.00

Miljøpunkt Tjeldstø
Onsdag: 10.00–18.00

Gjenbrugsstasjonane stengt
Måndag 25.12. (1. juledag)
Tysdag 26.12. (2. juledag)
Måndag 1.1. (1. nyttårsdag)